



Molde kommune  
Rådhusplassen 1  
6413 MOLDE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kristin Eide, 71 25 84 33

## Molde kommune

### Detaljregulering Bersås industriområde

### Trekking av motsegn

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

#### Bakgrunn

Molde kommune har sendt oss endra ROS-analyse og planomtale og ber om at Statsforvaltaren trekker motsegna datert 28.06.2021 knytt til samfunnstryggleik.

#### Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Etter første offentlege ettersyn har det kome ny/utdjupande informasjon om arealbruken i planområdet som ligg til grunn for oppdatert ROS-analyse. Mellom anna er det avklart at det planlagde biogassanlegget *ikkje* fell inn under storulukkesforskrifta. Dette får konsekvensar for korleis risiko og sårbarheit vert vurdert for planområdet. Det får òg konsekvensar for kva tryggleikskrav planområdet må tilfredsstillе. Til dømes stiller byggteknisk forskrift (TEK17) strengare krav til tryggleik mot naturpåkjenningar for storulukkesverksemdar enn for S3-tiltak. Det er derfor tilstrekkeleg at rapporten utarbeidd av Skrid avklarar 1000-årsflaumen og 5000-årsskredet. Vi merker oss at rapporten kjem med nokre tilrådingar knytt til drenering som vi føreset følgjast opp.

I den oppdaterte ROS-analysen har risikoen knytt til biogassanlegg blitt redusert frå stor risiko (raud farge) til middels risiko (gul farge). Ut frå opplysingane i ROS-analysen betyr dette at det kan skje ei hending som kan føre til alvorlege (person)skadar/ein daud og/eller alvorlege skadar på materiell mellom éin gong i løpet av ti år og éin gong i løpet av 50 år.

For anlegg som handterer farlege stoff er det i tillegg gitt fagspesifikke krav til å vurdere om ein oppnår tilstrekkeleg tryggleik for omgjevnadane og innbyggjarane, jf. forskrift om handtering av farleg stoff. Verksemda skal derfor kartlegge farar med omsyn til handtering av farleg stoff, og på

bakgrunn av dette vurdere risiko. Tryggleikssyn skal vere integrert i alle fasane til verksemda, inkludert prosjektering, etablering, drift og avvikling. I arbeidet med prosjekteringa av anlegget skal verksemda derfor sørge for at risikoen er redusert til eit nivå som med rimelegheit kan oppnåast, jf. forskrift om handtering av farleg stoff. For å oppnå dette kan det verte aktuelt med tekniske og organisatoriske tryggingstiltak. Inkludert medviten/trygg plassering av bygg og anlegg innanfor planområdet. Tryggleikssyn kan derfor få konsekvensar for aktuell plassering av bygg/anlegg o.l. innanfor planområdet. Kommunen bør vurdere om dette er eit omsyn dei ynskjer å synleggjere som krav i planføresegn § 8.5 som omhandlar krav knytt til situasjonsplan og søknad om tiltak.

Det er ikkje satt arealmessige avgrensingar av området utanfor planområdet. Vi føreset derfor at planområdet er utforma slik at det varettek risikoen avdekka i ROS-analysen, og at det derfor ikkje er behov for å etablere omsynssoner. Dersom risikovurderinga i tråd med § 14 i forskrift om handtering av farleg stoff avdekkar at omgjevnadane likevel ikkje er sikra på ein tilfredsstillande måte, skal det opprettast arealmessige avgrensingar rundt utstyr og anlegg der risikovurderinga avdekkar at det er naudsynt, jf. § 16 i forskrift om handtering av farleg stoff.

### Konklusjon

ROS-analysen er oppdatert med ny informasjon, og risiko og sårbarheit knytt til arealbruken er vurdert på nytt. Statsforvaltaren kan **trekke** motsegna, jf. plan- og bygningslova § 4-3.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef-plansamordning

Kristin Eide  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

### Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15